

Til adresseliste

Vår dato: - 1 JUN 2011
Vår ref.: NVE 200901794-8 ki/krn
Arkiv: 312
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Kristine Naas
22 95 97 66

Småkraft AS – Søknad om løyve til Kaldsåni kraftverk i Bykle kommune, Aust-Agder – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Småkraft AS, datert 19.05.2011, om løyve til Kaldsåni kraftverk i Bykle kommune.

Kaldsåni kraftverk vil nytte eit brutto fall på 235 meter i elva Kaldsåni med inntak på kote 995 og avlaup frå kraftstasjon på kote 760. Kraftverket er planlagt med ein installert effekt på 3,15 MW, og den årlege produksjonen er berekna til om lag 7,72 GWh. Vassvegen er planlagt som røyr, nedgrave mesteparten av strekninga. Det blir tilrettelagt for køyring i røyrgetraseen i anleggsfasen. Det er to alternativ for transport inn til kraftstasjonsområdet. Ved transport med lekter på Hartevatnet må ein tilretteleggja for ilandføring av maskiner og anleggsdelar. Alternativt kan ein forlengje eksisterande veg frå sør-enden av Hartevatnet med ca. 2,3 km langs vatnet. Søker foreslår slepp av minstevassføring på 50 l/s om sommaren og 15 l/s om vinteren forbi inntaket til kraftverket.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Kaldsåni kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Småkraft AS v/ Kari Seim på tlf. 55 12 72 34 eller e-post: kari.seim@smaakraft.no.

NVE ber Bykle kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Rådhuset, på biblioteket i Bykle, og biblioteket Hovden, fram til **01.09.2011**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden. Vi vil helst ha to søknader på alle utleggingssteder

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

E-post: nve@nve.no, Internett: www.nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Telefaks: 22 95 90 00

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Drammensveien 211
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER
Telefon: 72 89 65 50

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK
Telefon: 76 92 33 50

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG
Telefon: 33 37 23 00


Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE
Telefon: 57 83 36 50


Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR
Telefon: 62 53 63 50

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **01.09.2011**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing


for Øystein Grundt
seksjonssjef


Kristine Naas
avdelingsingeniør

Vedlegg: 4 Søknad til kommunen
Kunngjeringstekst
Informasjonsark
Adresseliste